

AVTALE



om kjøp av logopeditenester

mellom

Aurland, Luster, Sogndal

og

Vik kommune



1. Bakgrunn

Denne avtalen gjeld som ein tilleggsavtale til samarbeidsavtale om pedagogisk-psykologisk teneste for kommunane Aurland, Luster, Sogndal og Vik, datert xx.xx.2020.

Dersom ikkje anna er eksplisitt nemnd i denne avtalen gjeld same vilkåra for samarbeidet i tilleggsavtalen som er regulert i samarbeidsavtalen, datert xx.xx.2020.

2. Avtalepartar

Denne avtala gjeld mellom:

Aurland kommune

Luster kommune

Sogndal kommune

Vik kommune

Vedlegg til denne avtalen: Samarbeidsavtale om pedagogisk-psykologisk teneste for kommunane Aurland, Luster, Sogndal og Vik, datert xx.xx.2020

3. Føremål

Det overordna føremålet med samarbeidet er å få gode logopedtenester til brukarane og kommunane.

Kommunane har eit felles ansvar for å tilby logopedtilbod etter opplæringslova § 4a og § 5.1. Viss kommunane ikkje kan yte denne tenesta er det etter tilvising mogleg å søkje hjelp hjå privatpraktiserande logoped med refusjon frå Helfo, jf. folketrygdlova § 5-10.

Partane ynskjer å utvikle eit betre tilbod med logopedtenester i eit større fagmiljø.

Med vertskommunemodellen er det ynskjeleg at kommunane skal få ei effektiv samarbeids- og styringsform.

4. Organisering

Kommunane Aurland, Luster, Sogndal og Vik er deltakarar i samarbeidet.

Samarbeidet er organisert som eit vertskommunesamarbeid i samsvar med kapittel 20 i kommunelova. Sogndal kommune er vertskommune

Sogndal kommune har som vertskommune ansvar for å utfører oppgåvene i samsvar med gjeldande lovverk.

Dei deltakande kommunane er positive til at samarbeidet om felles logopedtenester kan utvidast til å omfatta andre kommunar på same vilkår som er nedfelt i denne avtalen. Avtale om utviding blir lagt til som vedlegg til denne.

5. Kostnadar og økonomi

Budsjett for logopedtenester vert lagt fram av Sogndal kommune i fagleg samarbeidsråd for Sogn PPT, samstundes som ein legg fram budsjett for Sogn PPT. Fakturering vil skje samstundes som fakturering for Sogn PPT.

Partane er samde om at reisekostnader knytt mot tenesteyting i den einaskilde kommune vert dekkja frå kvar kommune. Det vert òg føresett at reisetid inngår i den stillingsprosenten som kvar einaskild kommune kjøper. Viss teneste vert ytt ved kontoret i Sogndal vert det ikkje nokon kostnad knytt til dette.

Kvar kommune betalar ein del av budsjettet som er lik sin del av stillingane:

FORDELING AV STILLINGAR	
KOMMUNE	STILLINGSSTORLEIK I %
Aurland	30
Luster	43
Sogndal	95
Vik	22
SUM	190

Stillingsstorleikar kan endrast etter nærare avtale der ein er samde om utnytting av den tilgjengelege stillingsressursen.

Sogndal kommune fakturerer med to å-kontorekningar og ei avrekning per år.

Vertskommunen sender ut faktura høvesvis 01.04 med forfall 01.05 og 01.08 med forfall 01.09.

Vertskommunen sender endeleg avrekning etter at rekneskapen er avslutta.

6. Evaluering

Avtalen skal bli evaluert ved behov etter initiativ frå ein av avtalepartane. Evalueringa skal minimum omfatte korleis avtalen fungerer i forhold til behovet og ev. behov for endringar. Endringar kan ikkje skje utan dei andre deltakande kommunar sitt samtykke.

7. Rapportering

Rapportering til kommunane skal skje i samsvar med kommunane sine årshjul og omfattar økonomiplan og budsjett, halvårsrapport m/status for drift og årsrapport.

Kommunane skal få naudsynte rapportar frå vertskommunen for å kunne føre eige rekneskap og rapportere i Kostra.

8. Oppseiing

Kommunen kan trekke seg ut av samarbeidet med to års varsel.

Det må varslast skriftleg til dei andre kommunane innan 31.12 for oppseiing frå 31.12 neste årskifte.

9. Tvisteløysing

Dersom det oppstår tvist om tolking og/eller praktiseringa av denne avtalen, skal tvisten først søkast løyst i minneleg form. Dersom dette ikkje fører til semje, skal tvisten løysast ved voldgift i samsvar med Lov om voldgift av 14.05.2004 nr. 25.

Avtale om felles kjøp av logopeditenester mellom Aurland, Luster, Sogndal og Vik kommune

Avtalen er utskreven i 4 eksemplar, eit til kvar av partane.

Vedlegg:

Oversikt over budsjettoppstilling med kostnader, samt husleige.

Aurland, Luster, Sogndal, Vik 17.06.2021

Steinar Sørgaard
rådmann Aurland kommune

Jarle Skartun
rådmann Luster kommune

Tor-Einar Skinlo
konst. rådmann Sogndal kommune

Øystein Søvik
rådmann Vik kommune